



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Kristine Enger, 51 56 88 28

## Tildeling av skjønnstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt 2022

I brev av 13. desember 2021 inviterte vi til ein søknadsrunde for kommunale fornyings- og innovasjonsprosjekt med søknadsfrist 18. februar 2022. Statsforvaltaren i Rogaland har no fordelt 10 millionar kroner til 15 prosjekt.

### Om fornyings- og innovasjonsprosjekta

Gjesdal kommune, i samarbeid med kommunane Time, Hå og Klepp, får 1 400 000,- kroner til prosjektet «*Barnehagemyndighetsrollen i jærkommunene - del 2*». Gjennom prosjektet skal dei utvikle, etablere og iverksette ei løysing for gjennomføring av tilsyn i barnehagane. Dei skal òg utvikle ei digital løysing for innsamling og samanstilling av data og for å betre flyten i tilsynsprosessen.

Karmøy kommune får 1 000 000,- kroner til prosjektet «*Et felles løft for fremtiden - heldig gir bærekraft*». Dette er eit prosjekt som omhandlar arbeidstidsplanlegging i eit heiltidsperspektiv. Kommunen arbeider ut frå ein «fasemodell» som skal vere ein del av årshjulet. Ein lærer av erfaring gjennom gode evalueringar som igjen gir innsikt til utvikling i riktig retning.

Karmøy kommune får òg 400 000,- kroner til prosjektet «*Ungdom møter ungdom*». Prosjektet skal rekruttere ungdom til å drive med oppsøkjande arbeid i ungdomsmiljø, på stader der ein har erfart utfordringar, for å guide ungdom inn i fritidsklubbar og liknande.

Vidare får Karmøy kommune 300 000,- kroner til prosjektet «*Pårørende - en viktig ressurs*». Kommunen vil prøve ut ei ny ordning med pårørande-koordinator som støtte/ressurs i pårørandearbeidet.

Tysvær kommune, i samarbeid med kommunane Utsira og Karmøy, får 500 000,- kroner til prosjektet «*Sammen om frivillighet*». Prosjektet vil innehalde stor grad av innovasjon og stimulere til dette i frivilligheita, i samarbeid med kommune og næringsliv. Kompetanseheving er ei viktig del av prosjektet, både for kommunen sine frivilligkontaktar og til frivilligheita basert på det behovet dei har.

Hå kommune får 500 000,- kroner til prosjektet «*Hubben læringsfabrikk*». I Hubben får elevane tilgang til møbler og innreiingar som elles hadde blitt avfall. Elevane skal etablere elevbedrifter som tar utgangspunkt i bruk av desse møblane. Slik tar prosjektet sikte på å redusere avfall og bidra til



gjenbruk. Målet er at elevane skal få ein større forståing for berekraft og sirkulær økonomi.

Stavanger kommune får, i samarbeid med Haugesund kommune, 1 400 000,- kroner til prosjektet «*Digi Rogaland - Digi helsestasjon ungdom*». Dette er eit nasjonalt pilotprosjekt der òg Bergen og Oslo deltek. Ungdomsløysinga skal levere digitale tenester for skolehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Kommunane som deltar får tilgang til eit nytt kommunikasjonssystem. Ny teknologi vert kopla på det eksisterande elektroniske pasient-journal (EPJ) systemet hos kommunane.

Stavanger kommune får òg, i samarbeid med kommunane Hå, Strand, Time, Kvitsøy, Gjesdal, Klepp, Sandnes, Sola og Eigersund, 1 100 000,- kroner til prosjektet «*Interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam - IKART*». Det overordna målet med IKART er å gi spesialisert rehabilitering til brukarar uavhengig av kor dei bur, kompetanseheving til fagfolk og gode overgangar frå spesialisthelsetenesta og heimkommune. Prosjektet er knytt til eit forskingsprosjekt støtta av Norges forskningsråd.

Vidare får Stavanger kommune 500 000,- kroner til prosjektet «*Digibarnevern*». Dette er eit prosjekt der òg kommunane Kristiansand, Oslo, Bærum, Asker, Lørenskog og Bergen er med. I tillegg er KS og Bufdir med i prosjektet. Kommunen vil tenkje nytt og innovativt rundt bruken av teknologi for å skape ein betre kommunikasjon på innbyggjarane sine premisser. Det vil medføre store organisatoriske endringar i arbeidsformer og bidra til å skape ein betydeleg diskusjon rundt kvalitet i barnevernet på tvers av kommunar.

Suldal kommune, i samarbeid med kommunane Sauda, Strand og Hjelmeland, får 900 000,- kroner til prosjektet «*Ryfylkemodelle - distriktsvenleg sjukepleieutdanning i Ryfylke*». I tillegg er UiS og Ryfylke IKS med i prosjektet. Kommunane har tatt initiativ til eit forsøk der ein prøver ut fleksibel og distriktsvenleg bachelor-utdanning innan sjukepleie. Resultatet blir 30 nyutdanna sjukepleiarar i 2025.

Eigersund kommune får 500 000,- kroner til prosjektet «*Samskaping om nettverksarbeid - Kartlegge, mobilisere og styrke nettverk*». Målet med prosjektet er å førebyggje at innbyggjarar er einsame. Dei vil gjere ei grundig kartlegging av livshistorie og nettverk. Deretter vil dei mobilisere aktuelle frå nettverket, interesseorganisasjonar eller andre som kan vere med på å gi innhald i dagen.

Kvitsøy kommune, i samarbeid med kommunane Bokn og Utsira, får 500 000,- kroner til prosjektet «*Innbyggerinvolvering og læringsfellesskap*». Desse tre kommunane står overfor ekstra store endringar i åra som kjem. Dei må ha ein tett og god dialog med innbyggjarane for å sikre ei berekraftig utvikling av lokalsamfunna. Kommunane skal teste ut ein ny metode for innbyggjarinvolvering ved bruk av appen GiMening og dele erfaringar undervegs.

Haugesund kommune får 500 000,- kroner til prosjektet «*Digital heimeoppfølging i nettverket E-helse Vestland*». I Rogaland er alle kommunane som høyrer til Helse Fonna HF sitt opptaksområde inviterte med i prosjektet gjennom nettverket E-helse Vestland. Dette er ei arbeidspakke med rettleiing for utprøving av digital heimeoppfølging av kronisk sjuke pasientar. Resultata så langt viser ei auke i kvalitet, tryggleik og kontroll over eiga helse for brukarane.

Lund kommune får 250 000,- kroner til prosjektet «*Implementering av BTI - bedre tverrfaglig innsatsmodell i Lund kommune*». BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til med ein heilskapleg og koordinert innsats. Kommunen skal ta BTI - modellen i bruk i sin daglege praksis i heile organisasjonen.



Sandnes kommune får 250 000,- kroner til prosjektet «Sandnes blir eldre - Kommunikationsplattform». Kommunen skal utvikle ein kanal for å gi heilskapleg informasjon om dei tenester som kommunen har, aktuelle tilbod i kommunen og hos andre, "aktivitetskalender", og anna informasjon som er viktig for eldre.

### Meir om tildelinga

Det kom inn til saman 25 søknader frå 12 kommunar, med fleire samarbeidskommunar. Det var mange sterke søknader, med tema som omfattar ulike fagområde. I år har Statsforvaltaren lagt eit overordna prioritert område til grunn for vurdering av søknadane: berekraftige velferdssamfunn. Berekraftige velferdssamfunn kan relaterast til fleire av berekraftsmåla. Eigne retningslinjer frå kommunal- og distriktsdepartementet ligg òg til grunn, saman med vurdering av grad av innovasjon, grad av tverrfagleg samarbeid og samarbeid på tvers av kommunane og ikkje minst overføringsverdi til andre kommunar.

For å sikra overføringsverdi blir midlane tildelt under føresetnad av at resultatane frå prosjekta blir delte med dei andre kommunane i Rogaland. Den årlege innovasjonskonferansen er ei aktuell arena for formidling av resultatane. Resultatane skal òg formidlast av Statsforvaltaren gjennom prosjektportalen ISORD.

Her er ei samla oversikt over prosjekta og fordelinga av midlane.

Søknadsnr.	Prosjekt	Kommune	Beløp
11-22-0001	Barnehagemyndighetsrollen i jærkommunene - del 2	Gjesdal m.fl.	1 400 000
11-22-0002	Ungdom møter ungdom	Karmøy	400 000
11-22-0013	Sammen om frivillighet	Tysvær m.fl.	500 000
11-22-0016	Hubben læringsfabrikk	Hå	500 000
11-22-0017	Pårørende - en viktig ressurs	Karmøy	300 000
11-22-0018	Et felles løft for fremtiden - heltid gir bærekraft	Karmøy	1 000 000
11-22-0020	Digibarnevern	Stavanger	500 000
11-22-0021	Ryfylkemodellen- distriktsvenleg sjukepleieutdanning i Ryfylke	Suldal m.fl.	900 000
11-22-0025	Samskaping om nettverksarbeid- Kartlegge, mobilisere og styrke nettverk	Eigersund	500 000
11-22-0026	Interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam-IKART	Stavanger m.fl.	1 100 000
11-22-0028	Digi Rogaland - Digi helsestasjon ungdom	Stavanger og Haugesund	1 400 000
11-22-0029	Innbyggerinvolvering og læringsfellesskap	Kvitsøy m.fl.	500 000
11-22-0035	Digital heimeoppfølging i nettverket E-helse Vestland	Haugesund	500 000
11-22-0036	Implementering av BTI - bedre tverrfaglig innsats modell i Lund kommune	Lund	250 000
11-22-0038	Sandnes blir eldre - Kommunikationsplattform	Sandnes	250 000
SUM			10 000 000

### Frist for rapportering 1. mars 2023

Det er ein føresetnad at kommunar som er tildelt prosjektmidlar rapporterer innan **1. mars 2023**. Fristen gjeld òg prosjekt som har fått tildelt prosjektmidlar ved tidlegare tildelingar og som ikkje har levert endeleg rapport.



Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vera dokumenterte for å sikra overføringsverdi og gjennomtenkt pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap.

Prosjekt som ikkje er ferdige innan fristen for rapportering skal levere ein undervegs-rapport. All rapportering skjer via prosjektportalen ISORD.

Ved tildeling av tilskot til fornying- og innovasjon, vil vi legge vekt på om kommunen har rapportert på prosjekta sine innan fristen.

### **Forutsetningar for tildeling**

Prosjektmidlane skal berre gå til formålet som skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje er gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har brukt dei tildelte midla i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og midlane betalast tilbake.

Innovasjonsmidlar frå Statsforvaltaren skal ikkje gå til vanleg drift, men hjelpe kommunane til å prøve ut løysingar som kan gje betre eller meir effektivt tenestetilbod og styrke kommunane sine ulike rollar. Rapportering og erfaringsdeling er viktige verkemidlar for å få nytte av innovasjonsmidlane i heile fylket.

I tråd med utlysinga av midlane krev vi kommunal eigenfinansiering av prosjekta. Tildelingane blir lagt inn i den vanlege prosjektportalen ISORD. Der det er aktuelt, vil vi gjennom ISORD gi beskjed om viktige forutsetningar som ligg til grunn for tildelinga. Det er derfor viktig at dei som har fått tildelt midlar følger med på tildelinga i ISORD.

### **Tidlegare søknadsfrist for 2023**

Søknadsfristen for skjønnsstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt for 2023 er **1. november 2022**.

Vi gjer merksam på at midlane vil koma som del av terminutbetalingane av rammeoverføringa. Dette brevet er eit samlebrev til alle kommunane i Rogaland. Tildelingane blir òg lagt inn i prosjektportalen ISORD.

Med helsing

Bent Høie  
statsforvaltar

Monica Nessa  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Adresseliste:

Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda